



ØyNytt

Nummer 1
Februar 2022
49. årgang

Informasjon for Hjelme og Blomvåg sokn



10 Julevandring med barnehagane



8 Ingvarda Johnsen på Toft 100 år

4 Visitas i kyrkjelyden

6 Kvalstasjonen i Blomvåg

7 Song- og salmekveld i Hjelme kyrkje

11 Hogne har ordet

16 Kyrkjeto

Kjell-Asle Børnes har byrja som prostiprest



Kjell-Asle Børnes på markeringa i Sund kyrkje.
Foto: Olai Otterå

1. januar avslutta Kjell-Asle tenesta som sokneprest i Sund og gjekk over i nye oppgåver som prostiprest i Vesthordland prosti. Han skal gjere presteneste ved to sjukeheimar i Bergen og elles i kyrkjelydane i prostiet. Det var markering av avslutninga i samband med gudstenesta 1. januar i Sund kyrkje.

Eg vil takka Kjell-Asle for tenesta han har gjort som sokneprest gjennom mange år, og ynskjer han velkomen til anna teneste i prostiet.

Jan Tommy Fosse
Prost

v:pps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Hjelme kyrkje offer: #690303

Blomvåg kyrkje offer: #690305

**Leiropphald på Skjergardsheimen:
#75635**

Skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

Leiar

Annlaug Børve
Ansvarleg redaktør



Gi sjela ein sjanse!

Sjela har oddsa mot seg i våre dagar. I vestleg vitskap finn ein få spor av at menneske i det heile har ei sjel. Ho kan ikkje verifiserast gjennom klare ugjendrivelge fakta, og utan bevis for sin eksistens har sjela heller ingen reell vitskapleg verdi. Og med merkemda retta mot skjermar som bombarderer oss med flimrande bilete, lydar, informasjon og sensasjon kvart ledige minutt av dagen, har ei eventuell sjel dessutan svært dårlege levevilkår.

Likevel vil dei fleste meine at menneske har ei sjel, noko daglegspråket vårt vitnar om. «Det gjorde godt for sjela» kan vi seie, etter til dømes sterke naturopplevingar eller å ha lytta til vakker musikk. Bibelen er òg full av referansar til sjela vår. Med sjela, ofte i kombinasjon med hjartet, kan vi elske, vende om, erfare og lovsynge. Men sjela kan også lengte, tørste og vere sorgtyngd. Bibelen set med andre ord sjela i samanheng med dei djupaste sidene av det å vere menneske.

Dermed handlar det å vere i kontakt med si eiga sjel om å komme nærare seg sjølv og den ein djupast sett er. I andakten på neste side skriv Maria Tveten om fastetida som ei førebuing fram mot påske, ei førebuing som mellom anna handlar sjølvransaking, sjølvrefleksjon, og om det vere stille.

Å vere stille kan høyrst enkelt ut. Men den som har prøvd, veit at det er mykje som kan komme i veggen for stilla. Å bli stille krev tid, vilje, trening og tolmod. Å bli stille handlar også om merksam nærver, og om å få eit ærleg møte med seg sjølv. Og den som er i kontakt med seg sjølv, kan også få ærlege møte med andre menneske og med Gud.

Kanskje vi denne fastetida skal ta oss tid til å vere stille, og sjå kor det fører oss?

God fastetid!

Nei, eg har fått mi sjel til å vera stille og roleg som eit lite barn hos mor si.
Som det vesle barnet, slik er mi sjel i meg.

Sal.131, 2

Kontingent for ØyNytt

Den frivillige kontingenten for ØyNytt har vore uendra i svært lang tid. Samtidig har kostnadene med å produsere bladet auka, og redaksjonen set no opp den frivillige kontingenten til kr 300 pr. år innan soknet og kr 350 utanfor soknet. Vi vonar lesarane våre har glede av ØyNytt, og at mange vil bidra til bladet ved å betale kontingenten.

Redaksjonen

Andakt

Maria Tveten
Sokneprest i Foldnes



En lovprisning til alvoret og askesen

Dette er en aldri så liten lovprisning til kirkeåret og da spesielt fastetiden, som vi er på vei inn i nå. Egentlig er en lovprisning til fastetiden en aldri så liten selvmotsigelse, for det er kun i fastetiden at lovprisningen, gloria, er tatt bort fra liturgien vår. Like fullt slår jeg et slag for fastetiden og for det alvoret som ligger over forberedelsestiden fram mot påske.

Nå har åpenbaringstiden forhåpentligvis gitt oss et fyldigere bilde av hvem Jesus er, det er i hvert fall det som er åpenbaringstidens fokus og egenart. Nå starter forberedelsestiden, som de siste årene har blitt mer og mer viktig for meg. Jeg erkjenner at advent, som også er en forberedelsestid, ikke har de rommene til ettertenksomhet som jeg kunne ønske meg. Fastetiden er lengre, 40 dager pluss søndagene, og har ikke det samme hektiske draget over seg, som desember og adventstid ofte får.

Fastetiden handler om å rydde vei og rydde plass. Det handler om selvrefleksjon og selvransakelse. Det handler om oppgivelse og overgivelse. Og det handler om stillhet. «Noen ganger er steder av stillhet vår viktigste kontakflate med mysteriet» skriver den irske poeten John O'Donohue.

Det er noe deilig befriende over det å sette av tid til litt askese. Jeg skruer av de tidstyvene jeg

kan, og forundres årlig over den frigjorte tiden som plutselig er gjort tilgjengelig for noe annet. Forhåpentligvis noe mer meningsfullt og meningsskapende. Jeg lever enklere og gjør noen valg som jeg tror både er godt for meg, men ikke minst for den verden vi lever i.

Vi lager også et fastehefte med bibellesing og bønner for hver dag fram mot påske. Dette kan du finne i noen av kirkene våre eller du kan laste ned og skrive ut fra nettsiden til Øygarden kyrkjelege fellestråd.

Så finnes det spesielle samlinger i kirkene våre nå i fastetiden. Samlinger med muligheter for stillhet, utenom søndagsgudstjenestene. Bruk dem.

Grip muligheten som ligger i den alvorlige, men gode fastetiden. Så ber vi med Peter Halldorf:

«Herre, vår Gud,
du som gir oss denne tiden for
å vende tilbake til deg,
hjelp oss å legge fra oss det som trekker
oppmerksomheten bort fra det vesentlige,
så vi kan falle til ro hos deg.
Amen»

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet.

Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Neste ØyNytt kjem ut:
8. april

Redaksjonen vert avslutta to veker før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgjevar: Hjelme og Blomvåg sokneråd

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve

Redaktør og grafisk produksjon:
Yngvild Mørner Sørheim

Miljømerket trykksak 2041 0699

Trykk: Bodoni AS

Kontingent: Kr 300 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 350 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

Takkeannonsar: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no

Bankkontonummer:
1503.84.37590 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 5 nummer i året.

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd

Telefon: 400 03 316

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: HjelmeogBlomvågSokn

Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:
Espen Sigve Tveten
E-post: et838@kyrkja.no
Telefon: 91 61 78 00

Leiar i soknerådet:
Erling Vik
E-post: erl-vik@online.no

Kyrkjevevja:
Annlaug Børve
E-post: ab766@kyrkja.no
Telefon: 473 04 530

Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellestråd: 976 995 430

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps



I slutten av mars er det duka for visitas der biskopen kjem på besøk til Hjelme og Blomvåg sokn. Det er 15 år sidan førre visitas, så dette er ein sjeldan hending. Me ynskjer biskop Halvor Nordhaug velkomen til oss.

Visitasen vart i fjor utsett eitt år, men 22.-27. mars vonar me at ingen restriksjonar vil øydeleggja for oss. Biskopen skal drøfta arbeidet med råd og tilsette, ha tilsyn med kyrkjelydsarbeidet og inspirera til fornying. På timeplanen står mellom anna Tednebakkane omsorgssenter, Dale Oen experience, møte med kommuneleiinga, møte med skular og fellesskapskveld i Hjelme kyrkje. Det heile vert avrunda med ei stor gudsteneste i Hjelme kyrkje der Gospelteens deltek.

Fram mot ein visitas skal det skrivast ei melding om korleis arbeidet er no og har vore sidan førre visitas. Denne meldinga vert lagt ut på kyrkja si nettside.

Eg har bladd tilbake i gamle meldingar. Det er mykje interessant å lese i dei gamle papira. Her er nokre døme på kva som sto i tidlegare visitasmeldingar.

Visitasen 1969

Her er det glede over at Øygarden hadde vorte eige prestegjeld og at ny prestebustad er bygd. Ein såg fram mot at nye Hjelme kyrkje skulle verte reist. Om gamlekyrkja skulle bli riven eller få nye bruksmål, var det framleis spørsmål omkring.

Visitasen 1983

Her er det bekymring for at kyrkja i stor grad nyttast av dei eldre. Vil det

kome nokon og ta plassen etter dei gamle som går heim til Gud? Dette var bekymringa til trass for at det friviljuge arbeidet i kyrkje og bedehus var stort, med 10 søndagsskular, 9 barneforeiningar og 50 foreiningar. Ein hadde ikkje statistikk med kyrkjebesøk og nattverd, men ein kunne merke seg ei sjudobling av kollekt til kyrkjelydsarbeidet sidan førre visitas.

Visitasen 1993

Det vart peika på at Blomvåg kyrkje ved mange høve er for lita og at kyrka bør utvidast. Det bør koma organist i full stilling og tilsetjast ein kontormedarbeidar. Det vart og skrive at det er tradisjon for eit godt samarbeid mellom bedehus og kyrkja og det er stort sett dei same menneska som går begge stader. Ein ny trend er at fleire og fleire barn kjem til nattverd. Biskop Lønning poengterte at ein ikkje skulle frykta at ein var uverdige til å ta imot nattverden. Det var jo for uverdige at Jesus kom.

Visitasen 2006

Prestebustaden er selt og mange var skuffa over at ombygginga av Blomvåg kyrkje stranda. Det var store omveltingar innan kyrkja under denne visitasen. Det vart tatt til orde for forhaling til ei annan hamn. Sagt med andre ord; søkja åndeleg tilsyn hos andre enn biskopane. Til dette svare biskop Hagesæther at han hadde forståing for uroa, men at ei

Espen Sigve Tveten
Sokneprest Hjelme og Blomvåg



slik løysning ikkje er mogeleg innan Den norske kyrkja. Biskopen skryt av arbeide som vart gjort blant born og unge og den gode løysinga med ungdomsteam. Han synes og det er flott med ein kommune som gjev 100 000 kroner til Misjonssambandets misjonsprosjekt i Etiopia. Då han takka for seg, sa han at han sjeldan har fått so mange inntrykk under ein visitas som denne gongen.

Dette var eit knippe utdrag frå tidlegare visitasar. Ein visitas er eit gyldent høve til å sjå bakover og kjenna takksemnd over arbeidet som er gjort. Ein visitas er òg ei god tid til å retta lyset på kva som er godt og mindre godt med arbeidet nett no og bed Gud leia arbeidet mot stadig nye generasjonar.

Velkomen til visitas!

Visitagudsteneste Hjelme kyrkje søndag 27. mars kl. 11.00

Gudsteneste med nattverd ved Espen Tveten. Biskop Halvor Nordhaug og prost Jan Tommy Fosse deltek. Song av Gospel teens. Det vert visitasforedrag etter gudstenesta ved biskopen, og kyrkjekaffi med helsing frå ordførar Tom Georg Indrevik og soknerådsleiar Erling Vik.

Fellesskapskveld

Hjelme kyrkje
onsdag 23. mars kl. 18.30

Føredrag ved biskopen
Song ved Gospel teens
Helsing ved ordførar
Fiskesuppe
Andre programpostar

DEN NORSKE KYRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn



Morgonmesser i fastetida

BLOMVÅG KYRKJE
8. MARS OG 5. APRIL
KL. 06.30

Andakt ved Espen Tveten
og Olav Vindenes
Song leia av husorkesteret
Nattverd

Påskekveld

Blomvåg kyrkje
31. mars kl. 19.00

Me tek opp att tradisjonen med påskekveld i Blomvåg kyrkje. I år slår me oss saman med Gospeltorsdag.

Betelskipet

Betelskipet har søkt ly i Vikavågen i jule- og nyttårshelga. Det flytande bedehuset har i mange år besøkt mange bygder på Vestlandet. No er dei klare til nye anløp langs kysten med kurs for skreifisken i Lofoten.

Tekst og foto: Ottar Vik

Rammeløyving for 2022 og julehelsing frå presten

Sokneprest Maria Tveten var innom kommunestyret i Øygarden i desember. På vegne av kyrkja i kommunen bar ho fram ei julehelsing til kommunestyre-representantane. Øygarden kommune løyver om lag 30 mill. kroner i 2022 til drift av kyrkje i kommunen. Det kyrkjelege arbeidet har i ei årrekke hatt ei sentral rolle blant folket i Øygarden.

Foto: ØK Vigleik Brekke
Tekst: Ottar Vik

Kvalstasjonen i Blomvåg

Kvalfangst har vore viktig for folket i Øygarden. I Blomvåg var det i mange år ein eigen kvalstasjon som tok i mot fangsten frå båtane som dreiv med dette. I den nye bygdeboka for Blomvågnes les vi meir om arbeidet på stasjonen.

Tekst: Hogne Berland



"Stridsholm" på kvalfangst. Ivar Dale ved kanon, Per D og John Haugstad på dekk. Foto: Arnfinn Finne. Eigar: Styrk Finne

Menneske har drive med kvalfangst i uminnelege tider. I Korea er det funne fleire tusen år gamle helleristingar som viser jakt på kval. Kval har vore ettertrakta både til mat og til utvinning av kvalolje som mellom anna vart brukt til lampeolje og i såpe. For folket i Øygarden var kvalfangst lenge ei viktig næring og særleg i åra då Blomvåg hadde eigen kvalstasjon.

«Kvalstasjonen var i drift frå 1912 til 1955. Den største kvalen som er landa i Blomvåg skal ha vore 82 fot lang.

Stasjonen var plassert på ei øy vest for Flåten, Eikeilen, eller lokalt kalla Øyne. Det var ikkje veg fram, og arbeidarane bygde sjølv brua over 'Straumen'.
Utdrag frå 'Bygdebok Blomvågnes'

Kvalstasjonen og kvalbåtane var arbeidsplass for mange som budde på gardane i nærleiken. Dei fleste kom frå Neset og Dale, nokre frå Blom og Sæle, men også øyane i nærleiken. Og barna på gardane måtte hjelpa til.

«Barna til arbeidarane medverka og til drifta på stasjonen: Dei sprang med

middagsmat, suppe, fisk og poteter, kvar einaste dag kl. 12.00. Barna venta til dei vaksne var ferdige med maten og gjekk så heimatt med dei tomme matspanna. Viss det var ekstra arbeid seinare på dagen, vart det ny tur.»
Utdrag frå 'Bygdebok Blomvågnes'


Det var hardt arbeid på stasjonen og arbeidstilhøva var annleis enn i dag. Då Blomvåg Arbeiderforening vart skipa og bad om tariffavtale i 1934, vart det streik. Nokre av leiarane vart arresterte og streiken fekk merksemd langt



Kvalstasjonen i Blomvåg 1934. Foto: Wilhelm F. Meyer. Eigar: Arnold Meyer.

utover Øygarden. Arbeidstilhøva vart betre året etter, men altså ikkje utan kamp.

Kvalfangst var sesongarbeid og på seinhausten og vinteren var det ikkje drift på stasjonen. Då dreiv arbeidsfolket med meir tradisjonelt fiske og sildesalting. Kvalnæringa som vaks fram kring Blomvåg held fram også etter kvalstasjonen vart lagt ned. Det har vore drive småkvalfangst frå Øygarden heilt fram til våre dagar.



BYGDEBOK BLOMVÅGNES

Stoffet i dette stykket er henta frå Johannes Mikkelsen si bygdebok for Blomvågnes. Ei minnebok om slektene i Knarvik, på Flåten og Neset; om fiskarbønder, kvalfangarar og krigsseglarar, men og om folk frå andre gardar. Boka inneheldt mykje bilete. Ho kan kjøpast på KIWI, SPAR eller biblioteket på Rong eller ved å ta kontakt med Johannes Mikkelsen på tlf 936 97 579.



Song- og salmekveld i Hjelme kyrkje

Tekst: Kari Bekkenes
Foto: Bjørg Fjeldstad

Tysdag 18. januar var me samla til den andre song- og salmekvelden i Hjelme kyrkje. Sjølv om dette er eit nytt opplegg i soknet vårt, var antall frammøtte auka til 17 personar. Me brukte heile kyrkjerommet slik at det var god avstand mellom oss. Diakonimedarbeidar Ellen Ebbesvik, leia oss på ein fin og trygg måte gjennom kveldens program. Me starta med «Navnet Jesus, blekner aldri» (NoS.86), som vil vere opningsalmen på desse samlingane. Kveldens salmediktar var Trygve Bjerkrheim, og me fekk synge fleire av hans tekstar. Eg kjenner det som godt, at det er tid til å fundere over tekstane og lytte til arrangementa som kantor Øystein har laga til salmane. Ei lita pause med kaffe/te og Twist stod også på programmet. Bjørg Fjeldstad las dikt av Evy Karin Førde, og me fekk syngje «Tillit» som ho også har skreve. Ellen avsluttar samlingane ved å lese ei velsigning, som er god å ta med seg på vegen vidare i livet.

Eg unner fleire denne stunda i kyrkja. Ver velkomne 8. mars og 19. april kl. 19:00.



Ingvarda Johnsen på Toft 100 år og heidra av Kong Harald

Du vert beint fram i godt humør etter ein samtale med Ingvarda Johnsen som bur på Toft. Motebakkar og skuggesider i livet fekk aldri overtaket. No har ho blitt 100 år. På fødselsdagen den 8. januar vart ho heidra med gratulasjonshelsing frå Kongen som ordføraren i Øygarden, Tom Georg Indrevik, bar fram i godt lag med familie og vener.

Tekst: Gerhard Vik
Foto: Ottar Vik



For 10 år sidan, då Ingvarda var 90 år, fekk ho denne omtalen i lokalbladet til Vik grendalag:

Tøff barndom

Ingvarda var barnefødd og oppvaksen på Krokjen i Toft. Ho var eldste jenta i ein søskenflokk på 8. I 1939, då ho var 18 år gamal, mista ho faren. Han omkom på sjøen ikkje langt frå bølgekraftverket på Toft. Mora sat att med 5 ukonfirmerte born.

– Eg tente i Bergen den tida. Det var frykteleg tøft både for mammo og oss borna, fortel Ingvarda.

– Me fekk 30 kr månaden frå kommunen til å greia oss med. Men så hadde me eit lite gardsbruk som gav oss poteter og grønnsaker og litt kjøt.

– For oss var det mange gonger sårt å få slengt i oss at me levde på kommunen. Mammo hadde heldigvis nokre gode vener oppe på Vik som følgde med oss og visste kva me trong. Slik kom me gjennom krisa som varde i fleire år. Mammo var alltid slik at ho gav til andre som kom og bad etter mjølk eller smør, sjølv om me trong det sårt.

Under krigen mjølka ho kyrne tre gonger for dagen. Ho var veldig snill og gåvmild, og ho brukte å seia: ved å gi får ein meir tilbake pluss velsigning. For oss borna var det ikkje alltid så godt å forstå det, men me kom gjennom krisa med spinking og sparing.

– Då bror min Bernhard skulle konfirmerast hadde mor ikkje råd til å kjøpa nye sko. Me fann ein sko av kvart slag som ikkje var make. Av

den første løna mi i Bergen kjøpte eg sko til Bernhard som kosta 15 kroner. Han reiste tidleg til sjøss og skreiv då til kommunen og bad dei stoppa utbetalinga til mammo frå fattigkassen. Han skulle bruka av hyra til henne. Det var forferdeleg trist for mammo då ho fekk melding om at Bernhard



Ingvarda har bak mange lefser opp gjennom åra.

var omkomen og måtte gravleggjast i havet. Ho fekk ein knekk då som ho aldri kom over.

Reinhaldar på skulen

Ingvarda var reinhaldar på Toftøy skule gjennom 42 år. Dei første åra arbeidde ho saman med mora seks dagar i veka. Dei måtte bæra vatn til skulen, saga og hogga ved og tømme kaggedo. Månadsløna var i mange år 500 kroner som skulle delast på to.

Lefsebakar

Ingvarda har ord på seg for å laga gode lefser som mange har fått glede av. Me kjenner godsmaken att i munnen etter ein smakebit då me var innom. Eit grovt reknestykke viser at ho har bakt 2500 lefser kvart år til familie og kundar som har gitt eit kjærkome tillegg til pensjonen.

Minner som set att

Ingvarda har vore velsigna med godt humør og har fine minner frå barne- og ungdomsåra. Ho fortel om ein gong før jul i barneåra då dei samla inn gamle julehefter som dei gjekk rundt på husa og selde. Alle var glade for det gode innhaldet, og ingen klaga over ulik årstal på lesestoffet.

– Pakkane julaftan laga me av det me fann. Det kunne vera ei appelsin eller eit eple. Og julefestane i skulehus-kjellaren var stort, spesielt det året eg hadde fått meg ny kjole.

Men bak det gode smilet og dei mange minna kjem det også fram såre kjensler som ho ikkje kan løyna. Hendingar i familien har gjort at ho har spurt seg sjøl: – Har eg ikkje hatt nok prøvingar

no? Spesielt var trykket stort då sone-dottera Berta Marie miste mannen i ei flyulukke for nokre år sidan.


– Me stod så nær kvarandre, og eg tenkte då at eg ikkje hadde meir å leva for. Men då fekk eg eit ord frå Herren: «Du får ikkje større bærer enn du klarar å bæra.» Det gav meg ro og ny framdrift. No prøver eg å vera til hjelp for familien og dei som treng meg, seier Ingvarda med eit smil.

Julevandring med barnehagane

I desember fekk barnehagane oppleve å vandre gjennom juleevangeliet. Alle fekk ei rolle på vegen mot Betlehem, enten som vismann, gjetar, engel eller Josef og Maria. Toftøy barnehage skriv på si facebook-side:

«Heldige oss som fekk vera med på julevandring i Blomvåg kyrkje i dag. Englebarna, kongebarna og skattkammerset fekk kvar si unike, rolege vandring med håp om fred og glede. Dette trengte me midt i dagar som ellers er prega av uro og smitteverntiltak. Takk til Kyrkja i Øygarden for tilrettelegging for oss».

Bilda er frå Blomvåg barnehage og Toftøy barnehage sine vandringar.



Hogne har ordet

Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog



I helga var eg på leir for 7. klasse. I fjor var det ikkje tillatt med overnatting, så då måtte dette kullet nøye seg med ein dagsleir. I år var gjengen klare for ei heil helg og 38 unge og lovande 12-åringar stilte i gangen på Skjergardsheimen fredag ettermiddag. Dei viste seg å vera ein utruleg positiv og gira (og sangglad!) gjeng. Det var skikkelig kjekt at vi fekk lov å ha leir no og kunne samle denne flotte gjengen før barneskulen går mot slutten. Mange hadde vore på nesten alle leirane sidan 1. klasse og no skal dei snart på ungdomsskolen! Derfor brukte vi ein del tid på leiren til å snakke om ungdomsklubbane Refuel og KRIK som dei snart kan begynne på.

På kvelden på leir får alle rom kvar sin romleiar som seier god natt og pratar med deltakarane om korleis dagen har vore og alt mulig anna. Her kan det bli artige og gode samtalar. På mitt rom måtte vi innom mange ulike spørsmål. Det er gøy at det er kort vei frå «Er Arsenal det beste laget?» til «Kva gjer englane på?» eller «Kven skapte Gud?». 12-åringar er ofte gode på å vera både frimodige og undrande. Det er spennande å reflektere litt saman om dei store spørsmåla og finne ut om Bibelen har nokre svar. Vi finn ikkje noko om Arsenal i Bibelen dessverre, men vi kan lese om englane som kjem med bodskap frå Gud og som passar på. Og vi kan lære om Gud som skapte tida og som er evig og «før alle ting». Men kva vil egentlig det sei då? Samtalen kunne fortsatt til langt på natt, men når nokon på rommet begynner å blinke litt lenge er det på tide å sei god natt. Kanskje kan samtalen halde fram neste leir? Eller på Refuel til hausten?

Diakonen sitt hjørne

Ellen Ebbesvik
Diakonimedarbeidar



Eit nytt år har begynt og vi kan sjå fram mot mange flotte og gode samlingar. Stader vi kan få møte kvarandre og slå av ein prat – både om det som er godt og det som ikkje er godt. Du er velkommen til Formiddagstreff og til Song- og salmekveld i Hjelme kyrkje. Begge har samlingar ein gong i månaden.

Til deg som tenkjer litt framover ønskjer eg å sei: sett av 17. mai. Den kvelden vil vi invitere til fest i Hjelme kyrkje for deg som er godt vaksen. Festen vil starte kl. 18.00 og programmet er under arbeid.

Eg vil også minne om turen til Institutt for Sjelesorg, Modum bad, 15.-20. august. Vi arbeider med programmet.

Ikkje ver redd for å ta kontakt med meg på tlf. 924 42 881 om du ønskjer nokon å snakke med.

Dette skjer

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

18.-20. februar:	5. klasseleir
18.-20. mars:	6. klasseleir
22.-24. april:	Ungdomsleir (8.-10. klasse)

REFUEL

11. februar	6. mai
25. februar	20. mai
11. mars	27.-29. mai:
25. mars	Refuel Weekend
8. april	10. juni
22. april	

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

18. februar
18. mars
1. april
29. april
13. mai
3. juni

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

GOSPEL TEENS

15. februar
15. mars
29. mars
26. april
10. mai
24. mai
7. juni

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 18-20

SMÅBARNSSONG

8. februar
22. februar
8. mars
22. mars
5. april
19. april
3. mai

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 17.30

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga. E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane. Ta kontakt om du vil delta frivillig.

• Snitter
 • Varmmat
 • Baguetter

• Koldtbord
 • Koldtallerken

Rong Catering a/s
 Tlf. 9185 6258


INTERFLORA
Blomsterbua
 Rong senter
 Telefon : 56 38 92 65
 Postboks 107, 5331 Rong

Vi formidler
 blomster til
 innland og
 utland

Sotra Omegn
 BEGRAVELSESBYRÅ
 - En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.
 Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.
 Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
 TLF 56 32 08 90 hele døgnet
 Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Bergen Omegn
 BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
 for pårørende som ønsker å gjøre noe selv






Knut Helge Polden
 Espen Polden
 Heine Polden
 Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
 www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
 Teatergt. 20
 5010 Bergen
 Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
 2.etg på Shellstasjonen
 Sartor, 5353 Straume
 Tlf: 55 21 44 50



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
 Vestgar

Møllestykket 21
 5360 Kolltveit
 Tlf. 400 30 210
 vestgarelektro.no
 vestgar@thunestvedt.no

Kjøp kjapt,
 trygt
 og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
 Tlf. 56 38 71 20
 Mandag – lørdag
 kl. 07.00–23.00


NORGESHUS
 TH Bhas Bygg


NORGESHUS
 Øygarden
 Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålset 2, 5337 Rong
 e-post: ta@norgeshus.no
 www.norgeshus.no

Montér

Øygarden Byggsenter AS
 Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
 Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
 lørd 09.00-14.00

Fag Revisjon as
 Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
 eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no
 Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



BLOM
SERVISESENTER AS
 5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
 Godkjent bilverksted




Åsane Begravelsesbyrå AS
 v/Johannes Blom
 Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
 Døgnavt tlf.: 5518 9000


Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler
 eller solseng med høy kvalitet.
 Du ringer - vi bringer!
 Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
 v/Arvid Rong 5337 Rong
 Tlf: 56 38 74 54 Kveid: 56 38 73 22
 Mobil: 918 56 258


Øygarden elektriske as
 Tlf.: 56 38 24 40
 Fax: 56 38 24 41
 Mobil: 928 41 790
 E-mail:
 post@oygarden-elektriske.no


Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
 Data- og telenett
 Alarmanlegg
 Antenne/parabolanlegg
 Elektroverksted
 Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
 Vakttelefon: 922 34 062
 www.torsteinsvik.no


SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra
 Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
 www.solstrands.no
 Vår erfaring - din trygghet



Vest Modul AS
 5336 Tjeldstø

• Tilbygg N ormann 958 19 905
 • Nybygg I ngvard 958 10 967
 • Rehabilitering
 • Montering og utleige av brakker Trelastlager Tjeldstø






SPAR

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten
Velsmakende varmmat
Fristende frukt og grønt
Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20




 Bank i butikk **SPAR Rong tlf. 56 38 71 40**


Godfoten
 FOTTERAPI



Velkommen til oss på Rong senter
 Timebestilling på mob nr 94023865
 Eller på www.godfoten-as.no

Vi har gavekort!


TORSVIK MUR
 Alt i mur, puss og flisearbeid
 Rehabilitering/fornyng av gamle skorsteiner/pipe


 Vidar Vik Torsvik
 muremester
 Dalekletten 44
 5337 Rong
 Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

Har dere rom for en til i familien? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

fosterhjem.no



Velkommen til GUDSTENESTE!

SØNDAG 13. FEBRUAR

Gudsteneste kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje ved Espen Tveten. Tale ved Svein Anton Hansen frå Norea radiostasjon. Offer til Norea radiostasjon. Dåp og nattverd.

SØNDAG 20. FEBRUAR

Gudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Knut Kaldestad. Offer til Bibelselskapet. Dåp og nattverd.

SØNDAG 27. FEBRUAR

Gudsteneste kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje ved Kjell-Asle Børnes. Offer til Bibelselskapet. Dåp og nattverd.

SØNDAG 6. MARS

Gudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Knut Kaldestad. Offer til misjonstur til Israel for ungdomane. Nattverd.

SØNDAG 13. MARS

Gudsteneste kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje ved Espen Tveten. Offer til misjonstur til Israel for ungdomane. Dåp og nattverd.

SØNDAG 20. MARS

Sprell levande gudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Espen Tveten. Dåp og nattverd. Utdeling av bok til 4-åringar og barnebibel til 5-åringar. Offer til IKO.

SØNDAG 27. MARS

Visitasgudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Espen Tveten, med nattverd. Biskop Halvor Nordhaug og prost Jan Tommy Fosse deltek. Song av Gospel teens. Det vert visitasforedrag etter gudstenesta ved biskopen, og kyrkjekaffi med helsing frå ordførar Tom Georg Indrevik og soknerådsleiar Erling Vik.

SØNDAG 3. APRIL

Gudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Knut Kaldestad. Offer til Normisjon. Nattverd.

Endringar kan komme. Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/oygarden

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22.40.00.40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS



LIVETS GANG

DØYPTE

Blomvåg

- Sophie Haga, Oen
- Frida Foldal Jåstad, Straume
- Elin Langhelle Hovland, Torsvik
- Leah-Madelen Turøy-Ruskomäki, Knappevegen

DØDE

Blomvåg

- Nancy Olaug Høyland, Ternholmvegen f. 1945
- Magne Andreas Dale, Østre Toten f. 1965

Hjelme

- Magne Ingvald Rossnes, Rotevågsvegen f. 1948
- Bjørn Ove Magnussen, Svellingen f. 1957
- Sigrunn Torbjørg Tveit, Grønhaugvegen f. 1947
- Margun Hellesøy, Hellesøy f. 1943
- Mons Herbjørn Hellesund, Hellesøy f. 1935
- Astrid Amanda Hyllerås Kristiansen, Bergen f. 1933

Bibeltimar

Nautnes bedehus våren 2022

Torsdag 24. februar kl 19.00 ved Arnfinn Norheim

Torsdag 31. mars kl 19.00 ved Asle Hettebakke

Torsdag 28. april kl 19.00 ved Karl Johan Halleråker

Torsdag 19. mai kl 19.00 ved Odd Sverre Hove


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

Distribusjon i Hjelme og Blomvåg sokn:
Hammer transport, tlf. 920 98 600

Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåg sokn:
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Kyrkjjetaco

Fredag 22. oktober var det duket for «Kyrkjjetaco» i Hjelme kyrkje. Rundt 60 store og små deltok. Det var loddtrekning for barna og andakt i etterkant av måltidet.

Tekst: Elise Irene Karlsen

Foto: Kari Sandøy Rong

Hensikten med arrangementet var å ha et lavterskel tilbud for felleskap. Mange spiser taco på fredager, så hvorfor ikke gjøre det sammen som menighet? Å dele et måltid sammen krever ingen prestasjon. Det er en god mulighet for å bli bedre kjent med hverandre, og invitere med seg venner og bekjente som vanligvis ikke går i menigheten. Initiativet kom fra diakoniutvalget, der det jobbes med tiltak for å skape et mer inkluderende felleskap.

Det var mange positive tilbakemeldinger fra dem som deltok, og interesse for gjentakelse.

Svingende smittetall har gjort det utfordrende å planlegge, men vi håper å få til en ny kyrkjjetaco i løpet av våren. Det er et ønske å få dette til en gang i måneden, men det krever litt frivillige.

Ta gjerne kontakt med kirken om du ønsker å bidra.



